

Fra: Lena Romtveit (lena.romtveit@villrein.no)

Sendt: 17.06.2017 13:50:40

Til: Siri Wølneberg Bøthun; olav.strand@nina.no; morten.kjorstad@nina.no; vegard.gundersen@nina.no; bjornar.ytrehus@nina.no; erik.lund@miljodir.no; paal.rosland@vegvesen.no; therese.ruud@vegvesen.no; ola-mattis.drageset@vegvesen.no; karianne.thoger-andresen@vegvesen.no; larsnesse@sogn.no; Sigmund Tveitehagen; ek@fmbu.no; lbl@nve.no; fbj@nve.no; martine.hamnes@nore-og-uvdal.kommune.no; endre.laegreid@norconsult.com; svein.erik.lund@nore-og-uvdal.kommune.no; Ragnar Ystanes (ragnar.ystanes@kinsarvik.net); knut.nylen@miljodir.no; asgrim, Filefjell Reinlag; Ellen Korvald (ellen.korvald@bfk.no); Harald Skjerdal; Elnan, Gunnar; 'Lasse Mathisen' (lasse.mathisen@vinje.kommune.no); lars.prestiin@ulvik.kommune.no; fmbupost@fylkesmannen.no; fmtepost@fylkesmannen.no; fmhopostmottak@fylkesmannen.no; Johannessen, Morten; postmottak@bfk.no; post@t-fk.no; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; bjorn.bjornsen@tinn.kommune.no; 'post@odda.kommune.no'; Ullensvang herad; Ulvik kommune; Eidfjord kommune; postmottak@hol.kommune.no; post@nore-og-uvdal.kommune.no; postmottak@rollag.kommune.no; Svein Erik Lund; martine.hamnes@nore-og-uvdal.kommune.no; Jan Erik Reiten **Kopi:** Snorre Waage; fmtepko@fylkesmannen.no; fmhooaa@fylkesmannen.no; geir.sorum@t-fk.no; Anders Mossing; Marianne Singsaas; lars.inge.enerstvedt@miljodir.no

Emne: Status ferdselsprosjektet og finansiering

Vedlegg: Prosjektbeskrivelse Hardangervidda juni 2017 (002).docx;Hardangervidda Skjema Norsk

2017.docx;Kart spørreskjema Hardangervidda_v2.pdf

Hei,

Ferdselsprosjektet er godt i gang og har alt hatt ute teljarar i vinter, mellom anna langs stikkaløyper i vinterbeiteområda for reinen.

Det er vidare no planlagt utsetting av teljarar og svarkasser rundt om på vidda i nært samarbeid og med hjelp av Statens naturoppsyn og Hardangervidda Fjelloppsyn. Talet svarkasser er noko redusert (frå ca 40 til ca 60), men utplasseringa er koordinert med dei innfallsportane som alt er utpeika i Besøksstrategiarbeidet (som verneområdeforvaltninga på står for), som ein reknar at har «stor» eller «svært stor» grad av bruk.

Det vil også bli lagt opp til å plassere nokre teljarar slik at desse kan stå gjennom heile året og også dekke opp i vintersesong. SNO ved Lars Inge Enerstvedt koordinerer dette.

Det er vidare kome innspel frå både verneområdeforvaltninga og villreinforvaltninga på Hardangervidda at det er trond for å kartlegge omfanget av nokon ferdselstypar spesielt, som kiting og hundekøyring. Dette treffer inn under prosjektets «fokusområde»-del og det er no føreslege å legge opp til eiga kartlegging av dette med utgangspunkt frå dei store hovudvegane som Rv7 og E134 over Haukelifjell.

Vedlagt finn de oppdatert (om enn ikkje heilt endeleg) prosjektplan for ferdselsprosjektet (under GPS-merkeprosjektet), samt døme på spørreskjema i svarkassene.

Som de ser av tala i budsjettet er totalkostnadane i 2017 rekna til totalt kr 973.000,- for ambisjonsnivå 1, samt kr 200.000,- i tillegg dersom ein skal gå i gang med eit meir spissa arbeid på spesielle fokusområde også i 2017, som kiting ut ifrå hovudvegane.

Eit par av bidragsytarane har bede om oppdatering på status for finansiering før sommaren. Under finn de eit oversyn over løyvingar så langt i år:

Per i dag er det kome fylgjande tilsagn til prosjektet:

- Fylkesmannen i Buskerud: kr 80.000,-
- Vinje kommune: kr 25.000,-
- Nore- og Uvdal: kr 25.000,-
- Tinn kommune: kr 25.000,-
- Ulvik herad: kr 25.000,-
- Regional plan/Handlingsprog.: kr 300.000,-
- Besøksstrategiprosjektet: kr 100.000,- (Øyremerk til utplassering av svarkasser og teljarar)
- Besøksstrategiprosjektet ved
- Fylkesmannen i Hordaland: kr 52.000,- (Øyremerk til utplassering av svarkasser og teljarar)

SUM pr 16.juni 2017:

kr 632.000,-

Frå fylkesmennene er det bare løyvd frå Buskerud og Hordaland (sjå oversyn over), medan Telemark gav avslag. Fylkeskommunane har venta på den spissa og oppdaterte prosjektskildringa for å kunne fremje innstilling til søknaden. Dei er søkt om kr 100.000,- kvar, altså totalt kr 300.000,-. Prosjektleiinga ser fram til svar på søknaden frå desse. Ein manglar elles svar frå nokre kommunar, som Eidfjord, Ullensvang, Odda og Hol.

Vidare er det oppretta kontakt mot Statens vegvesen om deltaking inn i prosjektet. Både frå avdelinga med Nasjonale Turistveger som er i gang med eit arbeid for Rv7, og også med Miljøsekksjonen om ev å få til ei kartlegging av ferdsel ut ifrå hovudvegane og inn i villreinområda. Både over ferdelsen generelt og for nokre ferdselstypar spesielt, som t.d. kiting.

Trass i at prosjektet ikkje på langt nær er fullfinansiera har prosjektleiinga vurdert det som, etter dei signala som er komne frå fleire hald, at ein mest truleg vil greie å samle nok pengar gjennom året til å få det fullfinansiert. I tillegg har me vurdert det som særstakt viktig å gå «all in» særleg no i 2017, av fleire årsaker:

- Besøksstrategiarbeidet som skal vera ferdig innan utgangen av 2017.
- Arbeidet med oppgradering av Nasjonal turistveg langs Rv7 over Hardangervidda som er godt i gang.
- Planleggingsarbeidet for ny E134 over Haukelifjell som er i gang.
- Rulleringa av regional plan for Hardangervidda med tilhøyrande prosjekt gjennom Handlingsprogrammet.

Vonar dette gjev eit raskt oversyn over statusen for ferdelskartlegginga på Hardangervidda i 2017, og at dei omsøkte instansane som enno ikkje har svara på søknaden vår no har fått litt meir kjøtt på beinet..

Med ynskje om ein rektig god sommar i fjellet!

Beste helsing

Lena Romtveit
Norsk Villreinsenter Sør
Skinnarbu 3660 Rjukan
(mob: 415 15 616)

Fra: Gundersen, Vegard [<mailto:Vegard.Gundersen@nina.no>]

Sendt: 7. juni 2017 10:23

Til: Knutsen, Even <fmbuevk@fylkesmannen.no>; Lena Romtveit <lena.romtveit@villrein.no>

Emne: RE: skype om ferdels-prosjektet?

Hei igjen Even, fint, da tar vi et kort møte for å se på finansieringen så langt – summerer du for i år Lena?

Vi planlegger ca. 30-40 tellere sentralt på vidda, men trenger da helikopter. Er dette noe som kan finansieres via andre kanaler slik som i 2016? Var det ikke FM som tok den regningen?

Vi snakkes!

V

From: Knutsen, Even [<mailto:fmbuevk@fylkesmannen.no>]

Sent: onsdag 7. juni 2017 09.40

To: Gundersen, Vegard <Vegard.Gundersen@nina.no>; Lena Romtveit <lena.romtveit@villrein.no>

Subject: SV: skype om ferdels-prosjektet?

Besøksstrategiprosjektet har fått noe mer midler enn første tildeling. Vi tre fylkesmenn hadde et kort møte om dette på Geilo uka før pinse og meningen var å følge opp med et nytt og snarlig møte. Jeg har for litt siden purret opp dette i håp om en avklaring på ev. midler inn i ferdssundersøkelsene før vårt møte i dag. Men jeg har per nå ikke hørt noe mer, men merker meg at Kjell signaliserte til deg om et møte denne uka. Så da får vi håpe på en avklaring om ikke lenge, men neppe i dag!

Even

Fra: Gundersen, Vegard [<mailto:Vegard.Gundersen@nina.no>]

Sendt: 7. juni 2017 09:10

Til: Knutsen, Even <fmbuevk@fylkesmannen.no>; Lena Romtveit <lena.romtveit@villrein.no>

Emne: RE: skype om ferdss-prosjektet?

Flott Even.

Det om vi får til svarkasser på Hardangervidda eller ikke i år avhenger litt av finansieringen fra Besøksstrategien vil jeg si. Miljødirektoratet tar ikke dette inn i rammeavtalen vi fikk – det er for stort – men samtidig forsøker de å finne finansiering til HV direkte. Jeg snakket med Kjell Kvingedal forrige uke og dere FMere skulle ha et møte denne uken om dette om jeg forsto han rett. Kan du si noe om dette eller har ikke møtet vært enda?

V

From: Knutsen, Even [<mailto:fmbuevk@fylkesmannen.no>]

Sent: onsdag 7. juni 2017 08.18

To: Gundersen, Vegard <Vegard.Gundersen@nina.no>; Lena Romtveit <lena.romtveit@villrein.no>

Subject: SV: skype om ferdss-prosjektet?

Ok – da er jeg beredt til å ta en kort møte i dag kl 13.

Even

Fra: Gundersen, Vegard [<mailto:Vegard.Gundersen@nina.no>]

Sendt: 6. juni 2017 21:31

Til: Lena Romtveit <lena.romtveit@villrein.no>; Knutsen, Even <fmbuevk@fylkesmannen.no>

Emne: RE: skype om ferdss-prosjektet?

Hei Lena og Even,

Jeg skal forsøke å få en prat med Olav i morgen formiddag, men kan ikke vi ta et kort møte uansett. Det viktigste nå er spørsmålet om vi skal bruke svarkasser i år? Uansett, vi går bredt ut med tellere og får kartlagt de fleste stisegment inne på vidda og en del innfallsporter i tillegg.

Mvh Vegard

-----Original Appointment-----

From: Lena Romtveit [<mailto:lena.romtveit@villrein.no>]

Sent: tirsdag 6. juni 2017 14.13

To: Gundersen, Vegard; Even Knutsen (ek@fmbu.no)

Subject: VS: skype om ferdss-prosjektet?

When: onsdag 7. juni 2017 13.00 to torsdag 8. juni 2017 14.00 (UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna.

Where: Skype-møte

Heisann,

Eg har fått melding frå Svein Erik Lund om at han ikkje kan delta på skype-møtet i morgo.
Olav har eg ikkje høyrd ifrå.

Skal me likevel ta møtet Vegard og Even, eller kva tenker de? Vil du Vegard ta ein tlf til Olav og høyre om han har synspunkt?

Lena

-----Opprinnelig avtale-----

Fra: Lena Romtveit

Sendt: 1. juni 2017 14:19

Til: 'Gundersen, Vegard'; olav.strand@nina.no; 'Svein Erik Lund'; Even Knutsen (ek@fmbu.no)

Emne: skype om ferdssels-prosjektet?

Når: 7. juni 2017 13:00 til 8. juni 2017 14:00 (UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Oslo, Roma, Wien.

Hvor: Skype-møte

Hei,

Har de anledning til å delta på eit skype-møte om ferdsselsprosjektet på HV onsdag 7. juni kl 13.00 (bruk linken under ved møtestart)?

Me må drøfte litt om utplassering av svarkasser, økonomi m.m.

Fint om de kan sende meg bekreftelse på om det passar eller ikkje, så justerer me ev deretter.

Beste helsing

Lena Romtveit
Norsk Villreinsenter Sør
Skinnarbu 3660 Rjukan
(mob: 415 15 616)

→ [Bli med i Skype-møte](#)

Har du problemer med å bli med? [Prøv Skype Web App](#)

[Er dette ditt første Skype-møte?](#)
